



Denne flotte gjengen var med på DNT Kvinnherad sin første tur.

DNT Ung Kvinnherad vart skipa på forsommaren. No har 3 medlemmer, Magnus Eide, Veslemøy og Solveig Haugland, gjennomført DNT si grunnutdanning som turleiarar, og dermed kunne dei arrangera sin første tur. Frå den har dei sendt oss desse flotte bileta og denne kjekke rapporten:

DNT ung Kvinnherad har denne helga hatt sin fyrste tur. Turen gjekk til Mannsvatnet og Fjelly. Fredag ettermiddag var vi ti ungdommar som møtte ved skogsvegen til Solfjell. Deltakarane på turen kom frå heile kommunen, Fjellbergøy i ytre- og Rosendal i indre luten.

Då vi kom opp til hytta fredag kveld vart det grilling ute, og etter kvart kortspel og leikar inne i hytta. Laurdag morgon vakna vi til eit fantastisk vør, og nokre tøffingar tok eit morgonbad i haustsola, før turen vart avslutta med ein 'kart og koordinat'-konkurranse.

Det vart eit kjekt opphald på den flotte nyoppussa hytta!

Vi som var turleiarar syntest det var ein kjempefin tur med ein fantastisk positiv gjeng. Vi ser fram til å arrangera fleire turar, og håpar på å få med oss fleire ungdommar ut på tur!

Mvh
Turleiarane Veslemøy, Magnus og Solveig



Nydeleg og stemningsfull fredagskveld med grilling.



Kortspel er alltid ekstra kjekt på hytteturar.



I det nydelege haustveret tok nokre eit morgonbad.



Skikkeleg fellesfrukost var det.



Det var mykje kjekt og her er døme på spreke aktivitetar.

Nett: Thor Inge Døssland